

Utviklingsplan 2022-2023

Frøyland ungdomsskule





Innhald

| | |
|-------------------------------------|---|
| Innleiing..... | 3 |
| Overordna mål..... | 3 |
| Sektormål for grunnopplæringa..... | 3 |
| Overordna del av læreplanen..... | 4 |
| Kommunale strategiar, planar..... | 4 |
| Utviklingsområde 2021-2022 | 4 |
| Vurdering av utviklingsområda | 5 |
| Utviklingsområde 2022-2023 | 6 |
| Mål og tiltak 2022-2023 | 7 |

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda, knytt til læringsmiljø og læringsresultat, sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me hatt fokus på lesing og at elevane skal oppleve skulen som relevant og motiverande.


«Laget rundt læraren og eleven»

Utviklingsområde 2021-2022

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2021-2022:

Læringsmiljø- Elevane opplever skulen som relevant og motiverande

Læringsresultat- Elevane er funksjonelle lesarar



I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

Vurdering av utviklingsområda

Læringsmiljø: I vår elevundersøking kjem det fram at elevane våre trivs godt på skulen, med kvarandre og med dei vaksne. Elevane våre er ikkje så motiverte for skulearbeidet som vi skulle ynskje, og vi ser også at motivasjonen har gått ned dei siste åra. Dette ynskjer vi å fortsatt jobbe med, og å fokusere på ulike elementer som vi trur kan vere med på å bidra til auka motivasjon. Desse tre hovudelementa er elevdemokrati og medverknad, motivasjon og vurdering for læring

Elevdemokrati og medverknad: Vi ynskjer at elevane vår skal har reell medverknad over eigen skulekvardag. Deira stemme skal vere viktig og vi ynskjer at dei skal oppleve at dei alle har ein eigen plass i vårt elevdemokrati. I tillegg til å fokusere på eit godt fungerende elevråd, og legge opp til gode prosessar der ynskjer vi også at elevane skal få ha noko å seie i planlegginga av læringsøker.

Motivasjon og vurdering for læring: Vi ser at elevane våre treng i større grad å forstå og bli forklart kvifor dei skal lære det dei skal lære, og kvifor vi gjer det vi gjer på skulen. Kva slags relevans har dei ulike faga for elevane si framtid, og kvifor er dei ulike faga viktig på sine måtar? Vi har hatt fokus på variasjon i undervisninga vår lenge, men vi ser at vi fortsatt kan utvikle oss på dette punktet. Vi vil jobbe med å variere både arbeidsmetodar, vurderingsformer og undervisningsmetoder i større grad. Vi ønsker å fokusere på meir elevaktive undervisningssituasjonar og legge opp til bruk av metoden «samarbeidslæring». I arbeidet med vurdering for læring vil vi leggje opp til størst mulig grad av undervegsvurdering og ha fokus på gode framovermeldingar i alle fag. Vi vil leggje opp til prosessar der elevane får vurdere eige og andre sitt arbeid.

Læringsresultat: Vi har jobba godt og systematisk rundt lesing som grunnleggjande ferdigheit dei siste åra, og kanskje spesielt godt dei to siste åra. Vi fekk blant anna sjå at det gjorde utslag på resultatata på dei nasjonale prøvene frå 8 – 9.trinn. Skuleåret 20/21 sette vi i gong flere tiltak rundt systematisk kartlegging, der vi nytta oss av dei nasjonale prøvene i dette arbeidet. Vi nyttar desse også som lesekartlegging på 10.trinn og vi nyttar dei igjen på våren som lesekartlegging på alle trinn. Vi vil få dette enno betre innarbeida som rutine ved skulen, og treng å evaluere og justere tiltak i høve til dette også i år. Tiltak knytt til dette må bli enda meir konkrete slik at det er lettare å måle effekten av tiltaka. Lesing som grunnleggjande ferdigheit blir ståande som utviklingsområde for å sikra god forankring av systema og stabilitet i resultatata også dette skuleåret. Vi ynskjer at elevane våre skal ha minst 5 skalapoeng i progresjon frå 8. – 9.trinn i lesing.



Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2022-23:

Læringsmiljø- Elevane opplever at skulen som relevant og motiverande

Læringsresultat- Elevane er funksjonelle lesarar

Mål og tiltak 2022-2023

| |
|--|
| Utviklingsområde Læringsresultat: Lesing Læringsmiljø: Motivasjon og relevans |
| Status: Elevane har over tre år hatt mindre utvikling enn 4 skalapoeng på nasjonale prøver i lesing frå 8.- 9. trinn. Elevane melder I elevundersøkinga at dei har lav motivasjon for skulekvardagen. Elevane kjenner fortsatt ikkje på reell medverknad. |

Læringsresultat:

| Effekt mål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt? | Resultatmål 2024 Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål) | Delmål 2023 Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse nåast og evaluerast? (SMARTE-mål) | Tiltak 22/23 Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla? | Stoppunkt/evaluering 22/23 |
|--|--|---|--|--|
| Læringsresultat <i>Elevane er funksjonelle lesarar</i> | Alle elevar har progresjon på nasjonal prøve i lesing frå 8.trinn, 9.trinn og 10 trinn–minst 5 skalapoeng. (NP 2022) | Alle elvane skal ha progresjon på nasjonal prøve i lesing frå 8.-9.-10.trinn med 4 skalapoeng | Leggja inn lesing som eige punkt i felles mal for elev-og utviklingssamtale | Innan august |
| | | | Lesekartlegging og leseprosjekt ein gong i halvåret. | November og mai. |
| | | | Resultat frå nasjonale prøvar blir brukt i samtalar med elevane, og i utviklingssamtalar | Utviklingssamtalar i mars. Utenom dette kan ein gjennomføre elevsamtale. |
| | | | Rapport etter nasjonale prøvar i lesing (lokal variant på 10.trinn) blir lagt til grunn for å setja konkrete tiltak ut mot elevane og desse skal følgjast opp av lærarar i alle fag. | Leiinga har trinnsamtalar haust og vår |
| | | | Det er sett av minst 30 min lesing på timeplanen kvar veke. | Evaluering og erfaringar av ordninga på trinnmøter ein gong kvar månad. |
| | | | Systematisk arbeid med læringsstrategiar i alle fag året rundt | November og april |

Læringsmiljø:

| Effekt mål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt? | Resultatmål 2024 Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål) | Delmål 2023 Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse nåast og evaluert? (SMARTE-mål) | Tiltak 22/23 Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla? | Stoppunkt/evaluering 22/23 |
|--|---|--|--|---|
| Læringsmiljø <i>Elevane opplever skulen som relevant og motiverande.</i> | Skulen får ein skår på 4 i elevundersøkinga på spørsmål knytt til motivasjon medverknad og vurdering for læring | Skulen får ein skår på 3.8 på spørsmål knytt til motivasjon. | Lærarane gjev forklaring på kvifor elevane skal lære det dei skal i oppstarten av ulike tema. | Evaluering ved temaslutt, samt i felles spørjeundersøking i oktober + mars |
| | | Skulen får ein skår på 3.9 på spørsmål knytt til elevdemokrati og elevmedverknad. | Dei vaksne på skulen legg opp til fleire sosiale aktivitetar, og uteskule minst to gonger i halvåret (Eige årshjul i Laget knytt til dette) | «Vekestatus» og trinnsamtalar med lærarane. Trinnsamtalar |
| | | Skulen får ein skår på 3.9 på spørsmål knytt til vurdering for læring. | Temaveke psykisk helse- Laget arrangerer fagdag i oktober | Evaluering i Laget |
| | | Skulen får ein skår på 3.9 på spørsmål knytt til vurdering for læring. | IBS-kompetansepakke blir brukt i samtalegrupper i personalet | Spørjeundersøking i forms oktober + mars (elevane) Trinnsamtalar med leiinga. |
| | | Skulen får ein skår på 3.9 på spørsmål knytt til vurdering for læring. | Læraren legg opp til variasjon i arbeidsmetoder, vurderingsformer og har fokus på samarbeidslæring (CL) | Spørjeundersøking i Forms for elevane i oktober + mars Lærarane følgjer opp undersøkinga og justerer ut frå tilbakemeldingar på trinnmøter i oktober og mars Trinnsamtalar med leiinga. |
| | | Skulen får ein skår på 3.9 på spørsmål knytt til vurdering for læring. | Ved oppstart av nytt tema skal elevane koma med innspel om t.d.: arbeidsform, produkt, vurderingsform | Trinnsamtalar med leiinga. |
| | | Skulen får ein skår på 3.9 på spørsmål knytt til vurdering for læring. | Lærarane legg opp til eit system der elevane vurderer eige arbeid Lærarane gjer konkrete framovermeldingar om kva eleven har fått til og kva eleven må jobba meir med/ øva på | Eige punkt i elevsamtalane Lærarane deler erfaringar i trinnmøter Trinnsamtalar med leiinga. |

